bøk mæ. Enda livi hain i folkeminnede. Ein ekte fjeillson va 'n, som på sin vis kainn isamenliknast mæ 'om Jo Gjende.

## Øn Jehans Skomaker.

Ein som heitte Sevald Olson va fødd i Lundagrenn i Skjåk i 1764. Hain vart gjyft mæ ei som heitte Ellen Kaldhussæter i Nordale på Sunnmør, og vart eigarmainn på Kaldhussæter'n. Hain dø den 2.6. 1834. – Ikring 1820, mæ hain styrde garde, ha 'n ein tenestkar som vart kailla Jehans Skomaker. Denne kar 'n tente hal'te i Kaldhussætern og på Forbergje i Skjåk. Hain skulde fløtja imillom desse tvau steilledom kvart fjortendågå. Um somårn lågå 'n Jehans se te messom ein leigsta innme ein stein på fjeille, og dette syne enda; stein ha vorte kailla Skomaker-stein sia. Ei litol å reinn attme der. Ho vart heitande Skomakerelve. Denne vetle bue ette 'om Jehans æ beint innafor Hamsevikje i Breidale. Dæ ska vera 7 mil frå Kaldhussætern og åt neregaste uppsitjare i Skjåk, og halve deln tå desse veigje æ villt høgfjeill. Men leil så greidde 'n Jehans sine 12 turø på åre. Når øn kunde fårå her fleire vendå på kaldaste vintre, så måtte dæ vera framifrå te hardhaus.

E tykjy att oss skulde menast slike folk!

